


Foreldreinfo juni 2024



Sommarles 2024

Biblioteka i Noreg arrangerer igjen sommarles. Ein populær lesekonkurranse som inspirerer elevane til å halde lesinga ved like i løpet av sommaren. Sjå meir info på [nettsidene](#) – gratis å delta!



Nye tilsette til skuleåret 24/25

Til hausten tek me imot både nye lærarar og miljøretteiarar sjølv om me ikkje blir fleire tilsette totalt sett. Me ønsker velkommen:

- Birgitte Espeland
- Hanne Sutterud
- Ståle Vaule
- Vetle Skjæveland
- Tonje K. Kristensen

Vikeså (og Bjerkreim) skule har vore i ei særstilling i tilsettingar. Me har hatt godt med kvalifiserte søkarar til alle stillingar, og har ingen tilsette som ikkje er utdanna til stillinga dei har. Det skapar gode ringverknadar for heile skulemiljøet, og kjem elevane til gode!

Satsingsområder 2024/2025

Til hausten skal skulen fortsette satsinga på varierte arbeidsmåtar ved hjelp av uteskule for å gjera fagstoffet tilgjengeleg for elevane på ulike måtar. I tillegg skal me arbeida med elevmedverknad og korleis elevane si stemme skal bli høyrte i organisasjonen vår.

Samtidig må me ha fokus på den nye opplæringslova som trer i kraft den 1. august. Lovverket har fått større eller mindre endringar på fleire punkt, og dette må implementerast. Kap. 9a vil frå august av vera kap. 12, spesialundervisning går frå kap. 5 til kap. 11 osv. Ein del planar skal endrast og oppdaterast for å vera i tråd med nytt lovverk.

Den viktigaste oppgåva me som føresette har er å gje barne trua på seg sjølv gjennom: ubetinga kjærleik, støttande grenser, trygg ryggdekning når/viss det går gale og tru på at dei er gode nok som dei er.

Ha fine sommardagar i lag med borna dykkar, sørg for å gje dei påfyll 😊

Me gler oss til å ta imot elevane igjen 15. august.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

